



K F U K
K F U M

Ulstein KFUK-KFUM

Årsmelding 2014



Ulstein KFUK-KFUM

Postboks 81

6067 Ulsteinvik

www.ulsteinkm.no

Ulstein KFUK-KFUM

- KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn.
- Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap.
- Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag om lag 360 medlemar.

Styret

Styret for Ulstein KFUK-KFUM har sidan årsmøtet 2013 bestått av følgjande personar:

- Jan Einar Roos (leiar)
- Arild Støylen (kasserar)
- Kjersti Kleven (sekretær)
- Judit Grimstad Hatløy (styremedlem)
- Gunn Hofset (styremedlem)
- Birgitte Fondevik (styremedlem)
- Odd Arne Vikebakk (styremedlem)

Varamedlemmar har i same periode vore:

- Gunhild Verås Grimstad
- Kristin Aamodt Støylen
- Torill Vågen Vattøy
- Arnfinn Godø

Husnemnda:

- Lidbjørn Vattøy (leiar)
- Annelise Kleven Godø (utleigeansvarleg)
- Jørn Aurvåg
- Reidar Kulø
- Leif Rune Solås
- Elfrid Kleven Hanstad (medhjelpar)
- Sigbjørn Halle (medhjelpar)

Styrearbeid

Ulstein KM har hatt et innhaldsrikt år. Styret har hatt jamlege møte og har i tillegg til fortløpande saker, arbeid med følgjande saker.

1. Leiarssamling i samband med årsmøtet i januar 2015. Styret har lenge ønska og arbeidd for å få til ei slik leiarssamling. Vi håpar dette skal bli eit startskudd for auka satsing på leiartrening og ideologisk arbeid.
2. Oppretta ei eiga Facebookside der vi kan leggje ut aktuelt stoff. Styret trur og håpar at dette vil fungere godt i tillegg til heimeside.
3. Vårt eige arbeid. Speidararbeidet går godt med nye leiarar. Mange speidarar deltok i år på landsleiren i Asker. Ei vitamininnsprøyting for alle som var med. Ulstein Ten Sing arbeider jamnt og godt. I tillegg til å delta på gudsteneste og andre arrangement, deltok ein stor flokk på TT på Gjøvik. Jan Einar og Ingvild Roos i skuleleiinga i underleiren til Møre og Romsdal Krins. Beate Mjølberg var vaksenleiar for gruppa. Det er godt å sjå at arbeidet for barn og unge held fram med god styrke. I 2014 er også planane lagt ferdige for Tween-Sing arbeidet som vil starte opp i 2015. Dette i samarbeid med Ulstein Sokn.

4. Fredheim har blitt malt i 2014, det var eit stort løft. Ny oppvaskmaskin er installert. I løpet av 2015 skal pålagte brannsikringstiltak vere ferdigstilte.

Arrangement i 2014

Opningsgudsteneste på Borgarøya

Ulstein KFUK-KFUM markerte oppstart for nytt semester med gudsteneste på Borgarøya søndag 18.august. Arrangementet var eit samarbeid med Trebåtfestivalen. Det gjekk båttransport med Ullaholm frå Vikholmen, men mange nytta både privatbåtar og dei sprekaste kom med kajakk. Preika var ved kateket Bjørn Losvik og leiar for Ulstein km Jan Einar Roos. Etterpå var det god tid til sosialt samvær.



Adventsfesten 8. desember

Komiteen: Birgit Kjøss Lynges, Liv Astrid Langnes, Edith Voksøy Steinsvik og Silje Kiperberg Aksnes Det var 81 påmelde til festen, og alle bidrog enten med praktisk arbeid eller program. Programmet var som følgjer:

Andakt: Trond Berg
Programinnslag: Hanne Marte G. og Ole Terje Sukka, og Birgitte Fondevik og Magne Grimstad jr
Herrenes tale: Pernille Fiskerstrand
Flygel: Bjørnar Hovlid
Song: Runar Langnes
Mat: Koldtbord frå SUFH og medbrakte kaker/dessertar til kaffimat

Festen vil nok mellom anna verte hugsa for at straumen gjekk, difor ikkje noko gløgg i forkant, men heldigvis var det pynta med mykje levande lys, og straumen var kom lukkelegvis tilbake akkurat då det var på tide med kaffikoking!

Julefesten 4. juledag

Julefestkomiteen var: Gunn Hofset, Paul Inge Røyset, Judit Grimstad Hatløy og Roar Hatløy

Det vart tradisjonen tru arrangert julefest på Fredheim 4. juledag kl.20.00. Christfried Kaul heldt andakt/ord for kvelden, det var song og musikkinnslag ved Georg Grimstad og Ståle Helvig, samt bordkonkurranser ved Gunn Hofset. Liv Dalbakken leia festen. Alle hadde med eit matfat og det var god tid til kaffi og prat rundt borda. Til slutt var det juletrgong og julesongar.

Julefesten på Fredheim har i mange år vore ein vaksenfest som har starta kl.20.00 om kvelden. Det kom om lag 40 ungdomar og vaksne på festen, og siste åra har det vore mellom 40-60 personar på julefesten. Komiteen stiller spørsmål ved om det hadde vore betre å arrangere ein familiefest tidlegare på kvelden for å kanskje få med fleire og for å bygge tradisjonar for barn og unge.

Torsdagskveldar på Fredheim

«Torsdagskveldar på Fredheim» er eit samarbeid mellom NMS, Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM - representert ved Ingrid Nerhoel, der ein i fellesskap arrangerer bibeltimar på Fredheim.

Familieleiren på Bjorli

Christfried Kaul sto også i år i bresjen for familieleiren i regi av Ulstein KFUK-KFUM 14.-17. februar på Bjorli. 5 familiar tok del, til saman 21 personar med store og små.

Medlemstal og årsmeldingar frå einingane

Medlemstal ved utgangen av 2014

Ulstein KFUK-KFUM hovudlag	86
Ulstein KFUK-KFUM speidarane	108
Ulstein Ten Sing	40
Gospelkoret	45
K-gruppe1	11
K-gruppe2	14
K-gruppe3	7
K-gruppe4	16
K-gruppe5	13
K-gruppe6	5
Forbundsringen	11

356

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, eit Gospelkor og heile 7 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

Ulstein Ten Sing –årsmelding:

Vaksenleiar: Beate Mjøen Berg, styreleiar Elise Brandsvik Skeide (vår 2014), Reem Kidane (haust 2014) om lag 40 medlemmar

Vårsemester: 19 øvingar, 4 avslutningar i kyrkja, Vi hadde ansvar for VT-14 i Ulsteinvik saman med Ulstein KM, besøk av YPP, deltaking på ungdomsgudsteneste på Hareid, Var med på Grunnlovsfeiring på Sjøborg saman med Astri Overå, Basar på Fredheim, Gudsteneste i Ulstein kyrkje, Konsert under smak av Ulstein, TT-14 på Gjøvik, Grupper (Teknikk, mat, dans, drama, kreativ)

Dirigent: Vetle Styve Sæbø, band: Håvard Fylsvik, Ruben Voldsund, Karoline Lunde og Ingrid Blindheim. TUSEN TAKK for innsatsen til desse med tre års innsats.

Hausemesteret: 15 øvingar, 4 avslutningar i kyrkja, Grupper, dans, drama, a capella, teknikk, mat og kreativ,

Ungdomsgudsteneste på Hareid, 2 gudsteneste i Ulstein Kyrkje, Gospelnight i Ulstein kyrkje med fleire kor, juleverkstad og juleball.

Frå hausten 2014 kom det inn nye dirigentar: Oline Aksnes og Olav Grimstad Arnesen og band: Andreas Sæbø. Brede Espelid, Johannes Kristiansen og Håkon Rabben.

Tankar om arbeidet: Det er alltid knytt litt spenning til når nytt band og dirigentar skal ta fatt på ny oppgåve. Men dei har gjort ein framifrå jobb. Det tek tid å spele seg saman, men det går over all forventning. Dei er flinke til å ta ansvar og til å øve.

Det er ein flott gjeng på TenSing dette året, men vi saknar mange av dei på VGS. Nokre få er med, og dei er veldig flinke til å ta ansvar. Dirigentane er gode til å skape arbeidsro i koret. Det er ikkje renning ut og bort i sentrum som det var tidlegare. Frå 2015 ynskjer vi å få i gang fleire opne sosiale kveldar, « FREDAG-FREDAG» saman med speidarane, KRIK og TenSing, men ope for dei som vil. Der vil det verte tilbod om spel, leik, andakt, samtale, kafé og sosialt. KRIK vil prøve å få treningstid frå kl 19, så kan desse kveldane vere frå kl. 20.30 og utover. Då ynskjer vi å ha mange vaksne til å vere med.

Ulstein KFUK-KFUM Speidarar – årsmelding:

Gruppeleiarar: Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-5. klasse), stifinnar for gutane (4.-5. klasse), vandrar jenter (6.-10. klasse), vandrar gutar (5.- 10. klasse) og rover (vidaregåande).



Vi har dette året 108 betalende medlemmer og er vel i tillegg ca 30 fleire. Dei siste åra har vi fått med fleire jenter. No er det 20 jentestifinnarar og 17 gutestifinnarar. Vandraraner har tre jentepatroljer (16 betalende medlemmer) og 5 gutepatroljer (31 betalende medlemmer). Vi er den nest største speidargruppa på Sunnmøre og det er vi stolte av!

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Vi har av og til felles troppsmøte men for det meste møte kvar for oss. Stifinnarane sine møte vert leia av vaksne mens vandraraner er inndelt i patroljer som vert leia av patroljeførarar i ungdomsskulealder. Aktiviteten i gruppa er

i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og førstehjelp. Møta foregår for det meste ute og mange grupper har fast leirplass.

Speidarane frå sjetten klasse og oppover har vore på fire overnattingsturar ute dette året. Desse har vore i nærmiljøet, med overnatting under presenning. Speidarane frå ungdomsskulen og oppover har vore på ein ekstra tur til Runde fyr. På avslutningsturen til Hatløya før sommarferien deltok nesten heile speidargruppa. I august var vi ca 50 speidarar til saman på landsleir i Asker. Endeleg fekk vi oppleve ein sommarleir med sol og bading.

Også i år vil vi rette ei takk til foreldreforeninga ved Jostein Ertesvåg som hjelper oss økonomisk, og Roar Hatløy som gjer ein kjempejobb som kasserar m.m. Økonomien er stabil.

Frå august tok Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid over ansvaret som gruppeleiarar. Dei andre leiarane er Liv Osnes Dalbakken, Solfrid Ballo, Lina Myrene, Runar Pedersen, Ole- Jakob Arnesen, Jan Einar Roos, Tomasz Dziedzic (desse er patruljekontakter), Britt Opsahl Myrene, Skjalg Pedersen (desse har ansvar for speidarhytta), Tonje Øyehaug Ruud, Louise Ulstein, Monica Leine Tokheim (ansvar stifinnarjenter), Reidar Kulø (ansvar stifinnargutar), Bjørnar Hovlid, Robin Vågeskar, Torstein Vattøy (turleiarar), Georg Grimstad og Iver-Olaf Grimstad .

Gospelkoret - årsmelding:

Leiar: Tord Aksnes, ca. 45 medlemmar

Styremedlemar: Greta Håkonsholm, Mari Hagen, Andreas Fjøltoft, Jorulf Myrene, Torstein Vattøy (vara)

Gospelkoret øver annakvar tysdag på Fredheim, frå klokka 20 til 22. Gospelkoret er i utgangspunktet eit lågterskeltilbod for folk over 20 år som har lyst til å synge i lag. Koret har hatt fleire opptredenar i løpet av 2014. Onsdag og torsdag før påske arrangerte vi konserten «Still Alive» i høvesvis Larsnes og Ulstein kyrkje. Dette var nok det største enkeltløftet for koret. Vi har elles delteke på gudstenester i Ulstein kyrkje, arrangert korkafé på Fredheim, vore «oppvarmingskor» for Mosaic på adventskonserten deira i Ulstein kyrkje og tatt del i «Vi syng jula inn» i Ulstein kyrkje.

Einfrid Grindheim er dirigent for koret, medan Oddgeir Nygjerde er musikalsk leiar.

Idear for vidare arbeid, utfordringar: Koret vil også i år arrangere konsert rett før påskehøgtida. Denne gongen legg vi opp til to konsertar, ein i Ulstein kyrkje og ein i Larsnes kyrkje. Koret har ei relativt stabil medlemsmasse, men det er alltid nokon som er litt «til og frå». Ei utfordring er å halde på desse.

Ei anna utfordring er å vere eit attraktivt tilbod for vaksne i alderen 20 – 40 år. Per i dag er fleirtalet 50+ og vi kunne gjerne ha tenkt oss ein litt breiare alderssamansetnad.

Det er også eit mål for oss å vere eit kor som samlar folk på tvers av kommunegrensar og ulike kyrkjelydar. Sjølv om vi har beina trygt planta i Fredheim-miljøet, ønskjer vi at alle skal kjenne seg velkomne og heime i Gospelkoret.

Økonomi: Økonomien til koret er grei. Inntektene skriv seg i hovudsak frå billettinntekter og medlemskontingent. Elles hadde vi litt inntekter frå korkaféen på Fredheim i haust. Inntektene går til å dekke dirigent, samt til utgifter i samband med konsertar som t.d. lyd.



K-grupper – årsmelding:

I år har vi fått ei ny KFUK-gruppe (gr.6) og vi ynskjer dei velkomen i Ulstein KFUKM. Her kjem ei felles årsmelding frå dei 7 kvinnegruppene – til saman om lag 70 medlemmar.

Leiarar for dei ulike gruppene er:

K- gruppe 1: Gunn- Randi Solstad

K- gruppe 2: Gunn Hofset

K- gruppe 3: Gry Nordal

K- gruppe 4: Gunhild Snipsøy

K- gruppe 5: Silje K. Aksnes

K-gruppe 6: Hennie Anett Viseth

Forbundsringen: Hilde Petra Brungot

KFUK-samlingane skjer heime hos medlemmane alt frå annakvar veke eller ein gong i månaden med opningsord, tema/aktivitet, matykt og kveldsliturgi. K-gruppene fungerer i tillegg som støttegrupper til arbeidet på Fredheim gjennom bøn, økonomiske bidrag eller deltaking i dugnadsarbeid.

Oppsummering av årsmeldingane

Aktivitetane som er knytt til Ulstein KFUK-KFUM er mangfaldig og når godt ut til både unge og vaksne. Eit stort korps av frivillige driv einingane trufast og ved mykje bruk av fritid. Styret vil takke alle dei frivillige for den flotte og viktige innsatsen dei gjer.

Takk for eit rikt velsigna år 2014!

Styret Ulstein KFUK-KFUM
Ulsteinvik, januar 2015